



Onarheim Bruk
Ved Kristian Råsberg
Kristian.Rasberg@fjordbruk.no

Bergen, 19. juli 2017.

Kommentarar til innkomne merknadar til NVE-søknad

Søknad om vassuttak til smoltproduksjon vart send NVE 07.02.2017, nabovarsel til alle grunneigarar vart sendt ut 13.02.2017 og saka vart lagt ut til offentlig ettersyn i Tysnes kommune av NVE med høyringsfrist 31.03.2017. Hordaland Fylkeskommune bad om utsetjing, og då høyringa gjekk ut 08.05.2017, var det kome inn åtte høyringsuttalar, som er send søkjar for kommentar 30.05.2017. Rådgivende Biologer AS er bede om å hjelpe til med utarbeidinga av dette.

Følgjande høyringsuttalar er motteke:

- 1) Advokat Jens Otto Haugland 10.03.2017.
- 2) Fylkesmannen i Hordaland 31.03.2017.
- 3) Hordaland Fylkeskommune 03.05.2017
- 4) Marianne Storetvedt Jordal 31.03.2017
- 5) Norges Jeger- og Fiskerforbund 31.03.2017
- 6) Torfinn Slettebø 16.03.2017
- 7) Tysnes jakt- og fiskelag 29.03.2017
- 8) Tysnes kommune 07.04.2017

1) Advokat Haugland

Uttalen er på vegne av gnr. 153. bnr. 2 ved Karl Olav Kjerland. Det vert hevda at alle dei privatrettslege avtalane ikkje er på plass.

Gjeldande avtale om vassuttak vart inngått i 2002 under føresetnad av konsesjon, men sidan dette ikkje er tilfelle, hevdast det at avtalen er falt bort. Avtalen er vidare omtvistet av andre årsaker. Vidare er det dokumentert at det ikkje lenger er produksjon av setjefisk i anlegget, men reinsefisk, og ein meiner difor at søknaden viser til eit behov som ikkje er der.

Søkjar meiner at dei privatrettslege avtalen for uttak av vatn framleis er gjeldande. Privatrettslege tilhøve vert avklart av søkjar, og inngår ikkje i NVE si handsaming av saka.

Det er heilt rett at det i dag vert produsert reinsefisk ved anlegget, men gjeldande konsesjonar på lokaliteten omfattar også den opphavelige HT0001 for produksjon av setjefisk av laks og aure.

2) Fylkesmannen i Hordaland


Fylkesmannen i Hordaland rår frå konsesjon slik saka er presentert, og at kunnskapsgrunnlaget må betrast. Det må setjast krav om best tilgjengeleg teknologi for å redusere vassuttaket. Fylkesmannen meiner NVE bør nytte høvet til oppretting av tidlegare inngrep med omsyn på naturmangfald, friluftsliv og landskap.



Søknaden inneheld planar om produksjon av postsmolt med bruk av RAS-teknologi og bruk av sjøvatn. Fylkesmannens ynskje om krav om best tilgjengeleg teknologi er soleis allereie oppfylt og omtalt i føreliggande planar.

Fylkesmannen er ikkje nøgd med kunnskapsgrunnlaget og ber om at det må betrast. Dette gjeld særleg at omsyn til anadrom fisk må vurderast ut frå opphavelig tilstand med vilkår for å reetablere bestanden av sjøaure i vassdraget.

Søklar gjer merksam på at Onarheimsvatnet er prøvafiska i samband med søknadsprosessen og at det er gjennomført detaljert synfaring med bonitering av anadrom strekning i vassdraget av Rådgivende Biologer AS. Dette er utført som del av ein stor kartlegging av sjøaurebekkane i Hardanger (RB-rapport 1781 frå 2013). Kunnskapsgrunnlaget om vilkår for anadrom fisk i vassdraget er særst godt, og det må vere ein misforståing at strekninga oppom noverande anadromt hinder utgjer særleg gode gyte- og oppvekstområde for sjøaure. Strekninga er både bratt, og har dessutan lite eigna substrat for gyting sidan elva her ligg nede i eit bratt juv med mykje bert fjell (sjå kart under).



Kart over nedre delar av Onarheimsvassdraget, med høgdekotar for kvar femte meter.

Søklar vedgår at friluftslivverdiane kring Onarheimsvatnet ikkje er kartlagt etter rettleiar M98-2013 frå Miljødirektoratet i søknadsdokumentasjonen. Med «middels» brukarfrekvens og ikkje mykje regional eller nasjonal bruk, samt «middels på øvrige» kvalitetar, vil friluftsområda her bli verdsett til mellom C-verdi «registrert friluftsområde» og B-verdi «viktig friluftsområde». I samband med kartlegging av friluftsområde i Tysnes er område satt til «svært viktig verdi» i lokal samanheng i samband med at området er brukt av skulane. Området er kategorisert som naturterreng. Verdiane og verknadane er omtala i søknaden.



Fylkesmannen meiner at det er viktig at brukskvalitetane ikkje vert redusert også vinterstid. Søkjar er ikkje kjent me at det er noko nemneverdig bruk på vinteren og at omsyn til bruk sommarstid er ivareteke med lite planlagt regulering på denne tida av året.

Fylkesmannen meiner det ikkje er naudsynt å opne opp for uttak av meir vatn eller å regulere Onarheimsvatnet, og vidare at det er viktig å sikre minstevassføring. Søkjar gjer her merksam på at det no berre er søkt om konsesjon på storleik med det historisk etablerte uttaket, at allereie etablerte anleggstiltak i vassdraget ikkje er tenkt endra, og at søknaden vil sikre minstevassføring, noko det ikkje har vore tidlegare.

3) Hordaland Fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune rår frå konsesjon slik søknaden er presentert og ber om ytterlegare utgreingar i saka. Ein meiner redusert vassføring kan få negativ verknad på opplevingsverdiane knytt til kulturmiljøet, og det må takast omsyn til kulturlandskapet slik at desse verdiane ikkje vert redusert.

Denne uttalen er identisk med og byggjer på uttalen frå Fylkesmannen, og for desse momenta syner ein til kommentarane over. I tillegg gjeld uttalen omsyn til kulturlandskapet og kulturmiljøet langs elvestrekninga med redusert vassføring. Dette må vere ei misforståing og byggje på manglande lokal kjennskap til nettopp «kulturmiljøet» i denne nedre del av vassdraget. Langs elva er det ikkje ferdsle eller tilkomst for ålmenta anna enn ved vegkryssinga nede mot sjøen. Verdiane av kulturlandskapet vert ikkje redusert ved eit avgrensa vassuttak her, og søknaden med sitt krav om minstevassføring vil om noko betre opplevinga av vassdraget då det historiske uttaket manglar slikt vilkår. Gjennomsnittleg vassuttak er på 9,3 % av vassføringa i vassdraget, og vil soleis vanlegvis utgjere ein svært liten del.

4) Marianne Storetvedt Jordal 31.03.2017

Jordal er eigar av gnr. 152 bnr. 8 har vassrettar og part i Onarheim Bordsag, som har leigd ut rettane til Alsaker Fjordbruk AS fram til 01.05.2022. Jordal ynskjer å sikre sine rettar i vassdraget for framtidige generasjonar og ynskjer ikkje at Onarheim Bruk AS skal få den konsesjonen det er søkt om.

Privatrettslege tilhøve vert avklart av søkjar, og inngår ikkje i NVE si handsaming av saka.

5) Norges Jeger- og Fiskerforbund 31.03.2017

Anadrom strekning er forkorta på grunn av eksisterande inntaksdam til tidlegare smoltanlegg, der det no vert produsert reinsefisk. NJFF ynskjer at det vert etablert nytt inntak oppom opphaveleg anadrom strekning. NJFF ber også om at NVE vurderer å bøtelegge selskapet sidan tidlegare vassuttak ikkje har hatt konsesjon. Detaljerte krav om vilkår ved eventuell konsesjon er lista.

Søkjar meiner øvste del av opphaveleg anadrom strekning er bratt og utan gode gyte- og oppvekstvilkår for sjøaure, og at ein opning ikkje vil gje noko særleg vinst for sjøaureproduksjonen i vassdraget. Den omtala negative situasjonen for sjøauren i Hardangerfjorden generelt kan ikkje avbøstast med tiltak i **Onarheimsvassdraget**.



Det samla arealet tilgjengeleg for laks og sjøaure i Hardangerfjorden er på om lag 1,4 mill. m² og strekninga er på 81 km (RB-rapport 1052 frå 2008). Anadromt areal i Onarheimselva utgjer om lag 1 ‰ av dette.

Dei detaljerte krava som er lista frå NJFF vil i all hovudsak inngå som del i konsesjonsvilkåra. At NJFF ber NVE vurdere bøtlegging vitnar om manglande innsikt i historisk konsesjonslovgjeving og tidlegare praksis for vassuttak til lovleg etablerte setjefiskanlegg.

6) Torfinn Slettebø 16.03.2017

Har spelt inn ei høyringsfråsegn på vegne av naturen. Fråsegna er for generell til å gjelda denne NVE-søknaden.

7) Tysnes jakt- og fiskelag 29.03.2017

Tysnes jakt- og fiskelag viser til at anlegget produserer reinsefisk, som ikkje har behov for ferskvatn, og at tidlegare løyve er falt bort. Det er ynskeleg å betra rekrutteringa av laks og sjøaure i Onarheimselva i forhold til dagens situasjon. Ein meiner dette kan skje ved oppreinsking av elveløp og moglegheit for sjøauren å vandre vel 100 meter lenger opp i vassdraget enn i dag. Ut ifrå lokale fiskarar si erfaring var det tidlegare ikkje uvanleg å få sjøaure ovanfor der inntaket for ferskvatn er i dag opp til den «store hølén» under neste foss. Dette kan være et lite men viktig bidrag for å betre vilkåra for den svært sårbare og lave sjøaure bestanden i området.

Søkjjar viser til at gjeldande konsesjon på lokaliteten òg omfattar den opphavelige HT0001 for produksjon av setjefisk av laks og aure. Konsesjonen HT0001 er ikkje falt bort grunna Fylkesmannen si behandling av utseppsløyvet på Onarheim Bruk i 2015, men ligg framleis i fiskeridirektoratet sitt akvakulturregister for «kommersiell produksjon av 600.000 settefisk av laks, ørret og regnbueørret» (19. juli 2017).

Søkjjar er ikkje usamd i at det tidlegare kan ha vore fanga sjøaure ovanfor noverande vassinntak, men er usamd i at dette området har særleg stort potensiale som gyte- og oppvekstområde. Det er ikkje uvanleg at oppvandrende gyte fisk oppheld seg i store hølør øvst på anadrom strekning, for så å sleppe seg ned til gyte plassane nedanfor når tida er mogen og tilhøva elles ligg til rette for det. Hølør er i seg sjølv ikkje gode gyte plassar, med lausmassar i utlaup kan vere det.

8) Tysnes kommune 07.04.2017

Tysnes kommune gjev uttale knytt til kommuneplan, andre kommunale planar, og konsekvens for ålmentas interesse i området. Det ligg eit opparbeid friluftsområde ved Onarheimsvatnet, der ein finn lavvo, bål plass og bryggjeanlegg for kanopadling mv, og området er mykje brukt til undervisning. Ein meiner dette området kan få litt utfordringar med bryggje- og flytebryggjeanlegget som må tilpassast varierende vassnivå. Utover det ser ikkje Tysnes kommune at regulering av vatnet vil medføre konsekvens for ålmentas interesser. Tvert om er truleg høg vasstand eit større problem gjennom året enn låg.



Søkjær er samd i det sistnemnde, og i Tysnes kommune sin konklusjon «Søknad om uttak av vatn frå Onarheimsvassdraget og regulering av Onarheimsvatnet kjem ikkje i konflikt med kommuneplan eller andre kjente planar i området. Ålmentas interesse vert etter vår vurdering ikkje sett til side som følge av tiltaket».


OPPSUMMERING

Fleire av fråsegnene (2,3,4,7) framhevar behov for tilrettelegging for sjøauren i vassdraget, og ynskjer at det vert opna opp for oppvandring også på dei øvste 100 metrane av opphaveleg anadrom strekning. Denne strekninga har opphaveleg vore lite eigna for gyting. Det er mogleg å legge til rette for betra sjøauregyting ved utlegging av gytegrus og habitatforbetring på strekninga oppom vegbrua.

Nokre av fråsegnene (1,4) omhandlar privatrettslege tilhøve, og desse vert avklåra av søkjær, og gjeld ikkje NVE si handsaming av saka.

Når det gjeld omsyn til friluftsliv og utnyttinga av Onarheimsvatnet, ber søkjær NVE om å legge vekt på Tysnes kommune si vurdering: «ålmentas interesse vert etter vår vurdering ikkje sett til side som følgje av tiltaket».

Vensam helsing



Geir Helge Johnsen
Dr. philos.